



Roy Raun

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4004 - 14/15787

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

17.10.2014

Svar på førespurnad om søknadsplikt for riving av grunnmur

Det vert vist til førespurnad om søknadsplikt for riving av del av eksisterande grunnmur på gbnr 25/141 og møte 15.10.2014 på sakshandsamar Erstad sitt kontor med orientering om tiltaket. Bakgrunnen for førespurnaden er at tiltakshavar skal endre utforming av bustaden og delar av oppført grunnmur skal ikkje nyttast. Ny planlagd bustad og dispensasjon vil verte omsøkt på eit seinare tidspunkt.

Det er vidare opplyst at tiltakshavar Roy Raun, som skal stå for arbeidet, er utdanna murar.

Tiltaket vert ikkje vurdert å kome i strid med LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel. Søknadsplikt for riving av konstruksjon eller anlegg følgjer av pbl § 20-1, første ledd, bokstav e. Riving av mindre murar, samt mindre fylling eller planering av terreng er unntatt søknadsplikt etter SAK10 § 4-1 bokstav c, nr 4 og 5. Tiltaket førespurnaden gjeld samsvarer neppe heilt med dei tiltaka som er skildra i nemnde føresegn, men ligg relativt tett opptil.

Etter ei konkret vurdering basert på tiltakshavar sin skildring av tiltaket, kompetanse som murar og plan for handtering av avfall, finn administrasjonen grunn til å fritta for søknadsplikt for riving av grunnmuren. Det vert og lagt vekt på at tiltaket ikkje vil vere til sjenanse for naboar, snarare tvert i mot.

Administrasjonen si avgjerd har heimel i SAK10 § 4-1, bokstav f. Avgjerda er prosessleiande og kan ikkje klagast på. Plan- og bygningslova sine materielle krav til tiltaket gjeld likevel fullt ut. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at desse vert følgt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Roy Raum

Jan Frode Larsen